



MØTEPROTOKOLL

FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

Møtedato: 04.06.2018
Møtestad: Heradshuset Dale
Møtetid: 12:00 - 16:45

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Eirik Haga	AP	Ordførar
Sigmund Simmenes	SP	Varaordførar
Heidi Rongved	AP	Medlem
Bjørn Roald	H	Medlem
Jan Erik Bernes Roe	KRF	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Magne Hestad	AP	Varamedlem
Evelyn Boge	SV	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Anne Christin Eide	AP	Magne Hestad, AP
Kjartan Haugsnes	SV	Evelyn Boge, SV

Andre møtande:

Rådmann Pettersen Grønbech
Ass. rådmann Åse Elin Myking
Økonomisjef Kenneth Stokke
Kommunalsjef oppvekst Ann Kristin Bolstad
Einingsleiar Samfunnsutvikling Willy Andre Gjesdal
Politisk sekretær Sølvi Legård



Saksliste

SAKSNR	TITTEL
37/2018	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
38/2018	GODKJENNING AV MØTEBOK
39/2018	REFERATSAKER OG MELDINGAR
40/2018	REVIDERT BYGGEPGRAM FOR 1-3 ETASJE HERADSHUSET
41/2018	IKTNH - UTVIDING MED FLEIRE KOMMUNAR
42/2018	UTGREIING INTERKOMMUNALT SAMARBEID MED KOMMUNAR I NORDHORDLAND
43/2018	ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNE 2017
44/2018	ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2017 FOR VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS- OG OPPLÆRINGSSENTER KF
45/2018	HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2019-2022
46/2018	UTTALE TIL VARSEL OM OPPSTART OG INFORMASJON OM REGULERINGSPROSESSEN
47/2018	TRAFIKKSIKRING - FARTSREGULERING OG FARTSHUMPER
48/2018	AVTALE OM FJERNING AV FARTØY VED GNR 45 BNR 40 PÅ STAMNES
49/2018	BÅTRUTA I INDRE OSTERFJORD
50/2018	TILDELING AV KULTURPRIS 2018
51/2018	VAKSDAL FRIVILLIGSENTRAL - ORGANISERING
52/2018	TERTIALRAPPORTERING 1 - 2018



37/2018: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.06.2018

Behandling:

Ny økonomisjef vart presentert i starten av møtet.

Ordføraren ba om at sak om tertialrapport vart drøfta før økonomiplan. Kulturprisen vart behandla til slutt, i lukka møte.

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 37/2018 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

38/2018: GODKJENNING AV MØTEBOK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.06.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 38/2018 Vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

39/2018: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.



Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.06.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 39/2018 Vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

40/2018: REVIDERT BYGGEPROGRAM FOR 1-3 ETASJE HERADSHUSET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret legg alternativ A – hovudombygging 3 etasje/ fornying av tekniske anlegg i revidert byggeprogram til grunn med totalt investeringsramme på 10 millionar kroner.

I tillegg vert det vert gjort følgjande endringar i bygningsmessige arbeidar i 3.etg – i samsvar med alternativ B:

- Behalde vegg mellom noverande ordførarkontor og formannskapssalen.
- Installere minikjøkken på noverande varaordførarkontor.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.06.2018

Behandling:

Steinar Barmen frå Forum Arkitekter og einingsleiar Samfunnsutvikling orienterte.

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 40/2018/Tilråding:

Kommunestyret legg alternativ A – hovudombygging 3 etasje/ fornying av tekniske anlegg i revidert byggeprogram til grunn med totalt investeringsramme på 10 millionar kroner.

I tillegg vert det vert gjort følgjande endringar i bygningsmessige arbeidar i 3.etg – i samsvar med alternativ B:

- Behalde vegg mellom noverande ordførarkontor og formannskapssalen.
 - Installere minikjøkken på noverande varaordførarkontor.
-



41/2018: IKTNH - UTVIDING MED FLEIRE KOMMUNAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Arbeidet med å få til ei utviding av IKT Nordhordland med fleire kommunar bør starte så raskt som mogleg. Vaksdal kommune er positiv til at hovudprosjektet som skal koma med konkrete forslag til utviding vert starta opp.

Dersom Gulen er klar for å gå inn i samarbeidet før hovudprosjektet er ferdigstilt, så er Vaksdal kommune positiv til det.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.06.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 41/2018 Vedtak/Tilråding:

Arbeidet med å få til ei utviding av IKT Nordhordland med fleire kommunar bør starte så raskt som mogleg. Vaksdal kommune er positiv til at hovudprosjektet som skal koma med konkrete forslag til utviding vert starta opp.

Dersom Gulen er klar for å gå inn i samarbeidet før hovudprosjektet er ferdigstilt, så er Vaksdal kommune positiv til det.

42/2018: UTGREIING INTERKOMMUNALT SAMARBEID MED KOMMUNAR I NORDHORDLAND

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune ser behovet for meir interkommunalt samarbeid og vil delta i felles utgreiing om samarbeid med kommunar i Nordhordland. Kommunestyret ber om å bli orientert om framdrifta i arbeidet.

Ein føreset at saka vert drøfta med arbeidstakarorganisasjonane, og at informasjon og medbestemmelse vert ivareteke.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.06.2018

Behandling:

Rådmannen kom med ei saksopplysning vedk. drøfting med tillitsvalde.

Tilleggsframlegg frå Magne Hestad, AP:

Ein føreset at saka vert drøfta med arbeidstakarorganisasjonane, og at informasjon og medbestemmelse vert ivareteke.



Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Magne Hestad sitt tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 42/2018 Tilråding:

Vaksdal kommune ser behovet for meir interkommunalt samarbeid og vil delta i felles utgreiing om samarbeid med kommunar i Nordhordland. Kommunestyret ber om å bli orientert om framdrifta i arbeidet.

Ein føreset at saka vert drøfta med arbeidstakarorganisasjonane, og at informasjon og medbestemmelse vert ivareteke.

43/2018: ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNE 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommunestyre godkjenner rekneskapen for Vaksdal kommune, drifts- og kapitalrekneskapen for 2017 med eit mindreforbruk/overskot på kr 8.384.955,- på drifta og kr 0,- i kapitalrekneskapen.

Kommunestyret godkjenner årsmelding for 2017 for Vaksdal kommune.

Mindreforbruket på drifta, kr 8.384.955,- vert disponert som følger:

- kr 1,4 mill til rassikring utområde Stanghelle skule
- kr 0,9 mill til trafikkisikring skuleveg Stanghelle
- kr 1,2 mill til vegvedlikehald/asfaltering
- kr 4.884.955 til disposisjonsfond for bruk til finansiering av investeringar i 2019.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.06.2018

Behandling:

Ass. rådmann orienterte.

I denne saka vart det og orientert om tertialrapporten.

Tilleggs-/endringsframlegg frå Eirik Haga, AP:

- *Summen til vegvedlikehald frå 1,2 mill. til 1,5 mill.*
 - *Det vert sett av kr. 200.000,- til «å støtta opp om dugnad i det offentlege rom og spleiselag med ideelle organisasjonar.»*
- kr 4.384.955 til disposisjonsfond for bruk til finansiering av investeringar i 2019.*

Formannskapet bad om ei orientering om bruk av løyvde midlar til asfaltering.



Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.
Framlegget frå Eirik Haga vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 43/2018 Tilråding:

Vaksdal kommunestyre godkjenner rekneskapen for Vaksdal kommune, drifts- og kapitalrekneskapen for 2017 med eit mindreforbruk/overskot på kr 8.384.955,- på drifta og kr 0,- i kapitalrekneskapen.

Kommunestyret godkjenner årsmelding for 2017 for Vaksdal kommune.

Mindreforbruket på drifta, kr 8.384.955 vert disponert som følgjer:

- kr 1,4 mill til rassikring utområde Stanghelle skule
- kr 0,9 mill til trafikkisikring skuleveg Stanghelle
- kr 1,5 mill til vegvedlikehald/asfaltering
- det vert sett av kr. 200.000 til «å støtta opp om dugnad i det offentlege rom og spleiselag med ideelle organisasjonar»
- kr 4.384.955 til disposisjonsfond for bruk til finansiering av investeringar i 2019.

44/2018: ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2017 FOR VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS- OG OPPLÆRINGSSENTER KF

Styret sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding for Vaksdal kommunale arbeids og opplæringscenter KF. Rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 183.826,10 vert overført til disposisjonsfond konto 2569900.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.06.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 44/2018 Tilråding:

Kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding for Vaksdal kommunale arbeids og opplæringscenter KF. Rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 183.826,10 vert overført til disposisjonsfond konto 2569900.



45/2018: HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2019-2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Handlingsprogram og økonomiplan 2019 -2022 vert vedtatt slik den ligg føre.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.06.2018

Behandling:

Ass. rådmann orienterte.

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 45/2018 Tilråding:

Handlingsprogram og økonomiplan 2019 -2022 vert vedtatt slik den ligg føre.

46/2018: UTTALE TIL VARSEL OM OPPSTART OG INFORMASJON OM REGULERINGSPLANPROSESSEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune sender uttale til varsel om planoppstart for detaljreguleringsplan for Dale stasjon:

Vaksdal kommune er oppteken av å vere i god og konstruktiv dialog med Bane Nor. Det er likevel naudsynt å påpeike følgjande omstende:

Avtale om at det ikkje lenger skal vere kryssing i plan.

Komunen vil vise til oppstartsmøte med BaneNOR der dette var ein av fleire viktige avklaringar som vart gjort for prosjektet. Dette inneber enten undergang (kulvert) eller overgangsbru. Kommunen har avventa og etterpurt avatala diskusjonsgrunnlag for val av løysingar og stiller seg undrande til at bane NOR no informerar om at val av løysing har funne stad, og at det vert prosjektert overgangsbru.

BaneNOR opplyser at utløysande kriterie har vore pris. Totalramma for prosjektet er 105-110 millionar, og kulvert gjev påslag om lag kr. 10-15 mill i forhold til gangbru. Vaksdal kommune har ikkje fått tilstrekkeleg informasjon om dei ulike alternativa og kriteria for siling, og stiller seg uforståande til at ei gangbru kan vere vurdert som beste alternativ, trass i forskjell i kostnad. Etter oppstartsmøtet var kommunen trygg på at dei ulike alternativa ville verte framlagt som diskusjonsgrunnlag.

Ei gangbru må koma over køyreledningane. Desse er i utgangspunktet gamle (frå 1954), og må påreknast skifta innan kort tid. Levetid for KL-anlegg er 50 år, så Dale stasjon er alt 14 år på overtid. Ei framtidsretta løysing må truleg ta høgde for både dette, samt høgde over åk. Dagens plattformer skal hevast for å sikre trinnlaus på-/avstiging. I praksis betyr dette at ei gangbru må ha minst 8,5 meter over ny plattform, og får då eit tak som truleg er om lag 11 meter over plattform. Dette vil framstå som ein koloss, og ruve godt over dagens stasjonsbygning. Gangbru er skissert i



oppstartsvarselet, men det er sannsynleg at den i for liten grad syner kor dominerande og høg brua i realiteten blir.

Gangkulvert vil vere terrengetilpassa, og Dale stasjon er lokalisert på morenemasse som bør vere lett å arbeide med. Det trengs om lag 1 meter overdekning, og dette vil gje trapper ned om lag 4 meter, samanlikna med gangbru som vil vere minst 8,5 meter opp. Sjølv med lang kulvert vil dette vere eit svært godt alternativ, etter vår meining. Me har difor presisert fleire gonger til BaneNOR at kulvertløyning er viktig for kommunen.

Dale stasjon og Vossabanen er kulturhistorie. Stasjonsbygningen som oprinneleg vart reist til opninga av Vossabanen vart teikna av Balthazar Lange, og vart oppført etter ein typeteikning kalla *fjerde klasse* som også vart nytta til svært mange andre stasjonar langs Vossebanen. Då Bergensbanen skulle opnast var stasjonen på Dale alt vorten for liten, og han vart flytt til Reimegrend stasjon. Til erstatning vart stasjonen på Voss, som var vorten for liten der, teken ned og flytt til Dale. Også den var teikna av Balthazar Lange.

Kommunen er samd med BaneNOR i at planfri kryssing må kome aust i stasjonsområde, då dette er nærast sentrum og vil vere mest praktisk for dei reisande.

Vaksdal kommune vil nytta anledningen til å minne om dei avtalane som vart gjort i oppstartsmøte. Kommunen har heile tida oppmoda til godt samarbeid, og fleire gonger tatt kontakt for å halde seg oppdatert om framdrift og utvikling i prosjektet. Kvar gong har kommunen vore møtt med at modellane og skissene fortsatt var under arbeid, og ikkje klar til presentasjon.

Det er å minne om at det er kommunen som skal vedta reguleringsplanen, og at kommunen har tatt eit aktivt grep tidleg i prosessen for å sikre at planarbeidet vert i tråd med god samfunnsutvikling og attraktive knutepunkt for innbyggjarar og andre reisande. Stasjonsbyane våre skal vere levande, attraktive og berekraftige. Dale si kulturhistorie er viktig, og stasjonsområdet har alltid vore eit viktig knutepunkt i Dalebyen.

Vaksdal kommune har allereie gjort BaneNOR oppmerksom på kommunen sitt syn, og oppmoda til å ta initiativ til møter for å løyse dette. Det er Jernbanedirektoratet som er prosjektbestillar, og kommunen tilrår dei må bringast inn til møte. Det er viktig at BaneNOR handlar raskt i denne saka, for å få planarbeidet på skinner i rett retning.

Vedtaket frå FPØ sendast linnea.kvinge.karlsen@multiconsult.no innan 15. juni 2018

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.06.2018

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 46/2018 Vedtak:

Vaksdal kommune sender uttale til varsel om planoppstart for detaljreguleringsplan for Dale stasjon:

Vaksdal kommune er oppteken av å vere i god og konstruktiv dialog med Bane Nor. Det er likevel naudsynt å påpeike følgjande omstende:

Avtale om at det ikkje lenger skal vere kryssing i plan.



Kommunen vil vise til oppstartsmøte med BaneNOR der dette var ein av fleire viktige avklaringar som vart gjort for prosjektet. Dette inneber enten undergang (kulvert) eller overgangsbru. Kommunen har avventa og etterpurt avtala diskusjonsgrunnlag for val av løysingar og stiller seg undrande til at BaneNOR no informerar om at val av løysing har funne stad, og at det vert prosjektert overgangsbru.

BaneNOR opplyser at utløysande kriterie har vore pris. Totalramma for prosjektet er 105-110 millionar, og kulvert gjev påslag om lag kr. 10-15 mill i forhold til gangbru. Vaksdal kommune har ikkje fått tilstrekkeleg informasjon om dei ulike alternativa og kriteria for siling, og stiller seg uforståande til at ei gangbru kan vere vurdert som beste alternativ, trass i forskjell i kostnad. Etter oppstartsmøtet var kommunen trygg på at dei ulike alternativa ville verte framlagt som diskusjonsgrunnlag.

Ei gangbru må koma over køyreledningane. Desse er i utgangspunktet gamle (frå 1954), og må påreknast skifta innan kort tid. Levetid for KL-anlegg er 50 år, så Dale stasjon er alt 14 år på overtid. Ei framtidretta løysing må truleg ta høgde for både dette, samt høgde over åk. Dagens plattformer skal hevast for å sikre trinnslaus på-/avstiging. I praksis betyr dette at ei gangbru må ha minst 8,5 meter over ny plattform, og får då eit tak som truleg er om lag 11 meter over plattform. Dette vil framstå som ein koloss, og ruve godt over dagens stasjonsbygning. Gangbru er skissert i oppstartsvarelet, men det er sannsynleg at den i for liten grad syner kor dominerande og høg brua i realiteten blir.

Gangkulvert vil vere terrengtilpassa, og Dale stasjon er lokalisert på morenemasse som bør vere lett å arbeide med. Det trengs om lag 1 meter overdekning, og dette vil gje trapper ned om lag 4 meter, samanlikna med gangbru som vil vere minst 8,5 meter opp. Sjølv med lang kulvert vil dette vere eit svært godt alternativ, etter vår meining. Me har difor presisert fleire gonger til BaneNOR at kulvertløysing er viktig for kommunen.

Dale stasjon og Vossabanen er kulturhistorie. Stasjonsbygningen som oprinneleg vart reist til opninga av Vossabanen vart teikna av Balthazar Lange, og vart oppført etter ein typeteikning kalla *fjerde klasse* som også vart nytta til svært mange andre stasjonar langs Vossebanen. Då Bergensbanen skulle opnast var stasjonen på Dale alt vorten for liten, og han vart flytt til Reimegrend stasjon. Til erstatning vart stasjonen på Voss, som var vorten for liten der, teken ned og flytt til Dale. Også den var teikna av Balthazar Lange.

Kommunen er samd med BaneNOR i at planfri kryssing må kome aust i stasjonsområde, då dette er nærast sentrum og vil vere mest praktisk for dei reisande.

Vaksdal kommune vil nytta anledningen til å minne om dei avtalane som vart gjort i oppstartsmøte. Kommunen har heile tida oppmoda til godt samarbeid, og fleire gonger tatt kontakt for å halde seg oppdatert om framdrift og utvikling i prosjektet. Kvar gong har kommunen vore møtt med at modellane og skissene fortsatt var under arbeid, og ikkje klar til presentasjon.

Det er å minne om at det er kommunen som skal vedta reguleringsplanen, og at kommunen har tatt eit aktivt grep tidleg i prosessen for å sikre at planarbeidet vert i tråd med god samfunnsutvikling og attraktive knutepunkt for innbyggjarar og andre reisande. Stasjonsbyane våre skal vere levande, attraktive og berekraftige. Dale si kulturhistorie er viktig, og stasjonsområdet har alltid vore eit viktig knutepunkt i Dalebyen.

Vaksdal kommune har allereie gjort BaneNOR oppmerksom på kommunen sitt syn, og oppmoda til å ta initiativ til møter for å løyse dette. Det er Jernbanedirektoratet som er prosjektbestillar, og kommunen tilrår dei må bringast inn til møte. Det er viktig at BaneNOR handlar raskt i denne saka,



for å få planarbeidet på skinner i rett retning.

Vedtaket frå FPØ sendast linnea.kvinge.karlsen@multiconsult.no innan 15. juni 2018

47/2018: TRAFIKKSIKRING - FARTSREGULERING OG FARTSHUMPER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

FPØ godkjenner framlegget til fartssoner, -grenser og –humper for Dale, framlegget kan sendast på høyring til offentlege høyringsinstansar

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.06.2018

Behandling:

Kommuneplanleggjar orienterte.

Tilleggsframlegg frå Magne Hestad, AP:

Fartsgrense i Sandlivegen settes til 30km/t. Det vert etablert fartshumper i forbindelse med kryss til Kalvakroken og Elvavegen.

Røysting:

Rådmannen sit framlegg vart samrøystes vedteke.

Magne Hestad sitt framlegg samrøystes vedteke.

FPØ - sak 47/2018 Vedtak:

Formannskap/plan- og økonomiutvalet godkjenner framlegget til fartssoner, -grenser og –humper for Dale, med følgjande endring:

Fartsgrense i Sandlivegen settes til 30km/t. Det vert etablert fartshumper i forbindelse med kryss til Kalvakroken og Elvavegen.

Framlegget kan sendast på høyring til offentlege høyringsinstansar.

48/2018: AVTALE OM FJERNING AV FARTØY VED GNR 45 BNR 40 PÅ STAMNES

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

A

Vaksdal kommune inngår den framforhandla avtalen om fjerning fartøy med eigar av gardsnummer 45 bruksnummer 40, 43 og 116 på Stamnes.



eller

B

Vaksdal kommune inngår ikkje den framforhandla avtalen om fjerning av avfall med eigar av gardsnummer 45 bruksnummer 40, 43 og 116 på Stamnes. Fylkesmannen får melding om å starte klagehandsaming av kommunestyrets vedtak om fjerning av MS Anders samt MS Eide Senior.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.06.2018

Behandling:

Rådmannen og einingsleiar Samfunnsutvikling orienterte.

Alternativ A i rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 6 røyster (AP, SP, SV, KRF); 1 røysta for alternativ B (H)

FPØ - sak 48/2018 Vedtak:

Vaksdal kommune inngår den framforhandla avtalen om fjerning fartøy med eigar av gardsnummer 45 bruksnummer 40, 43 og 116 på Stamnes.

49/2018: BÅTRUTA I INDRE OSTERFJORD

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka blir lagt fram for drøfting

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.06.2018

Behandling:

Framlegg frå Magne Hestad, AP:

Vaksdal kommune understrekar at det er Hordaland fylkeskommune sitt ansvar å drive kollektivtrafikk. Dette gjeld også kollektivtrafikk for innbyggjarane i Indre Osterfjord. Vaksdal kommune krev at båtruta i Indre Osterfjord vert oppretthalden.

Framlegget frå Magne Hestad vart vedteke.

FPØ - sak 49/2018 Vedtak:

Vaksdal kommune understrekar at det er Hordaland fylkeskommune sitt ansvar å drive kollektivtrafikk. Dette gjeld også kollektivtrafikk for innbyggjarane i Indre Osterfjord. Vaksdal kommune krev at båtruta i Indre Osterfjord vert oppretthalden.



50/2018: TILDELING AV KULTURPRIS 2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune sin kulturpris for 2018 vert tildelt:

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.06.2018

Behandling:

Saka vart behandla til slutt i lukka møte.

Evelyn Boge ba om at habiliteten hennar vart vurdert, hennar sambuar har sendt inn forslag. Formannskapet vedtok samrøystes at Evelyn Boge er ugild i saka.

Framlegg frå Eirik Haga om å gje kulturprisen til

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Formannskapet ba om ei sak der ein ser på statuttane til kulturprisen.

FPØ - sak 50/2018 Vedtak:

Vaksdal kommune sin kulturpris for 2018 vert tildelt

51/2018: VAKSDAL FRIVILLIGSENTRAL - ORGANISERING

Rådmannen har to alternative framlegg til vedtak:

Alt. 1. Organisering og drift av Vaksdal Frivilligsentral vert vidareført som i dag

Alt. 2. Drift av Vaksdal Frivilligsentral vert delegert til rådmann.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.06.2018

Behandling:

Heidi Rongved stilte spørsmål ved sin habilitet i saka, ho er styremedlem i frivilligsentralen.

I medhald av forvaltningsloven § 6 avsnitt 1 punkt e), og avsnitt 2, vedtok formannskapet samrøystes at Heidi Rongved er ugild i saka.

Alt 2 i rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 5 røyster (AP, SP, KRF, SV). 1 røysta for alt 1 (H)

FPØ - sak 51/2018 Tilråding:

Drift av Vaksdal Frivilligsentral vert delegert til rådmann.



52/2018: TERTIALRAPPORTERING 1 - 2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tertialrapport 1. vert godkjent slik den ligg føre.

Det vert gjort følgjande budsjettendringar på driftsbudsjettet for 2018:

- Kr 125.000 til lagring av Dyvikabåtane i skutenaustet på Kvamsholmen vert finansiert av kulturmidlar kr 116.755 og rest over ordinær ramme om det ikkje vert innvilga eksterne tilskot til formålet.

Det vert gjort følgjande løyvings- og budsjettendringar på kapitalbudsjettet for 2018:

- Kr 350.000 til granulat- tiltak på Vaksdal Idrettspark vert finansiert av bundne investeringsfond kto 2.555400 Idrettsanlegg

- Kr 33.000.000 til auka kostnadsramme Prosjekt ny skule på Dale for 2018 vert finansiert med auka låneopptak i 2018.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 04.06.2018

Behandling:

Magne Hestad bar om at oversyn over vikarbruken vart lagt fram til behandlinga i kommunestyret.

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 52/2018 Tilråding:

Tertialrapport 1. vert godkjent slik den ligg føre.

Det vert gjort følgjande budsjettendringar på driftsbudsjettet for 2018:

- Kr 125.000 til lagring av Dyvikabåtane i skutenaustet på Kvamsholmen vert finansiert av kulturmidlar kr 116.755 og rest over ordinær ramme om det ikkje vert innvilga eksterne tilskot til formålet.

Det vert gjort følgjande løyvings- og budsjettendringar på kapitalbudsjettet for 2018:

- Kr 350.000 til granulat- tiltak på Vaksdal Idrettspark vert finansiert av bundne investeringsfond kto 2.555400 Idrettsanlegg

- Kr 33.000.000 til auka kostnadsramme Prosjekt ny skule på Dale for 2018 vert finansiert med auka låneopptak i 2018.



ANDRE SAKER

Søknad frå CISV:

Formannskapsmedlemmene mottok søknad om støtte frå CISV på epost i dag.

Formannskapet vedtok samrøystes å støtte søknaden under føresetnad av at dei får ein avtale med Ulvsnesøy. Summen vert utbetalt når faktura føreligg.

SPØRSMÅL:

Magne Hestad

Om informasjon til innbyggjarane ved innføring av forbod mot open ild.

Rådmannen svarte

Sigmund Simmenes

Om å følgja tenesteveg i samband med klage frå tilsette på sin arbeidsplass

Rådmannen svarte

Jan Erik Bernes Roe

Om støy frå fabrikkjen på Dale

Ordførar svarte

Drøftingssak frå ordføraren:

Ordføraren tok opp ei sak om å få omregulert grøntområdet ved paviljongen på Dale til bustadføremaal.

Formannskapet gjekk samrøystes inn for å be rådmannen om ei omreguleringsak.